



ILLUSTRASJON: VICTORIA SANDØY

og rytmiske setningar som kler godt tydelige og fargerike illustrasjonar. Med ordet til juryen: Fortida blir vekt til live både pedagogisk og poetisk. Det er ingen dårleg kombinasjon.

**Boka er verdshistoria** til barna i dobbel tynning, ho er både skriven for barn og set deira skiftande liv gjennom tidane i sentrum. Det er ingen liten prestasjon når det gjeld eit tema som faghistorikarar lenge har forsømt, og det aukar utvilsamt sjansen for at unge lesarane kan identifisera seg med andre barn til andre tider og på andre kontinent.

Møta med barna er fletta naturleg inn i dei viktigaste historiske epokane, med særleg sans for kva endringar som har funne stad. Slik forstår vi evolusjon og den krunglete vegen mot vår eigen art gjennom møtet med eit nærmenneske av hokjønn – Selam – for tre millionar år tilbake, for deretter å få eit innblikk i det å vera barn i den lange perioden med jegerar, sankarar og fiskarar. Kanskje har denne tida vorte litt for idyllisk, men ho får oss til å tenkja på kva som har gått tapt i form av fritid, lek og nærleik til naturen i det vi kallar den moderne verda.

**Forfattaren er** kjend for å fremja eit verdssystem som byggjer på likeverd, glede ved fellesskap og djup respekt for natur og miljø. Det er òg

ein raud (eller grøn) tråd gjennom desse forteljningane, som syner at historia handlar like mykje om samarbeid, omsorg og evna til å løfta i flokk som konflikttar, kappestridd og krig. På same måten har ho eit vakent

blikk for ulikskapane mellom barn etter kva samfunnslag dei er i, eller kva kjønn dei høyrer heime i. Barna til faraoane lever på same tid som barna til slavane, og gutar og

jenter i mellomalderen sørgjer for at barna til kongar og riddarar lever eit liv i luksus. Og under den industrielle revolusjonen ser barna til fabrikkvegaren sjeldan dei barna som risikerer livet som barnarbeidarar i mørke fabrikkar eller gruver. Det kunne ha vore doserande, men det styrer Osland meisterleg unna.

**I tradisjonelle** historiebøker er det gjerne Europa som blir tildelt hovudrolla, og det er nok òg her Osland har tyngdepunktet sitt gjennom den vektta som blir lagt på oppdagartida og maskinenes inntog. Men for å fortelja om den nye røyndommen til barna ved overgangen til å dyrka jorda og halda husdyr, er det områda langs Nilen for 12.000 år sida som blir løfta fram. Lesarane blir også tekne med på til Harappa-sivilisasjonen ved Indus i dei siste tusenåra for vår tidsrekning, der ulikskapane mellom rike og fattige ser ut til å vera små. Både under og etter koloniseringa blir det tydeleg kor ulike levekåra er i vår del av verda og hos dei barna som dyrkar kaffi, te, sukker og bomull til forbruket i Noreg. Iblant blir linjene kanskje trekte for langt, i dagens Noreg veks 100.00 barn opp i fattigdom.

Alle forstår at det er mykje som ikkje får plass på 90 luftige sider. Det ligg òg i denne sjangerens natur at det er lettare å fortelja enn å forklara, sjølv om det blir noko

vege opp for ved spørsmål til undring og ettertanke. For eigen del trur eg at boka ville vera tent med litt fleire møte med barn i det førre og noverande hundreåret. Ikkje minst etter 1945, det vil seie i ein alder med klimaødeleggingar, elektroniske dingsar på barnerommet og barn som flyktningar, synest eg det blir unaudsynt snauvt. Men ein 75-årig forfattar som framleis har mykje å skriva om, har sikkert meir på lager.

Tore Linné Eriksen  
bokmagasinet@klassekampen.no

**D**et er ikkje så ofte ein forfattar blir tildelt Brageprisen to gongar, men dette har Erna Osland nå oppnådd med årets pris for beste sakprosa for barn og unge. Æra blir delt med Victoria Sandøy, som med sjenerose illustrasjonar har vore med på å gjera «Barnas verdshistorie» så vellukka. Boka er gitt ut på det vesle Skald forlag, som har basen sin i Leikanger i Sogn, og speglar dermed mangfaldet i det norske språket gjennom eit lett tilgjengeleg nynorsk.

Som ein av våre mest produktive forfattarar skriv Osland i alle sjangrar og for lesarar i alle aldrar og med ulike funksjonsvariasjonar. Denne gongen er målgruppa mellom åtte og 12 år, noko som betyr korte

“Det er ingen liten prestasjon.”




Norli og norli.no har boka. Ønsker du bok i posten, vipps kr. 278 til nr. 130938. Skriv inn adresse og telefonnummer. Frakt er da inkludert.

**norli** Bokhuset

Det er heimen til mi eiga «tru» som, utan å vere kristen, kjenner seg igjen i Jesus som tilgjev den syndige kvinna. Eg trur lidenskapeleg på moglegskapen til å angre seg, på frelsa, på dygda i tilgjevinga. Ein kan omskape eit menneske, til og med ein forbrytar, ved å tilgje han handlingane hans. Det er ein vedunderleg idé som eg finn igjen hos Dostojevski. Den vesle prostituerte Sonja, i Brotsverk og straff, som tilgjev Raskolnikov, er for meg millionar av lysår framføre Marx.

Like eins blir eg fortumla av den guddomlege bodskapen frå Paulus i brevet hans til korintarane. Bodskapen set kjærleiken over alt, vona og trua medrekna: «Om eg ikkje har kjærleiken, så er eg ingen ting».

E Morin



**Kjersti Anfinnsen 50 år!**  
Vi gratulerer!

KOLON FORLAG